



NORSK TRANSPORTARBEIDERFORBUND

Fagforbundet for transport og logistikk

MOTTATT

31 JAN 2013

Samferdslesdepartementet

Dato: 30.01.2013

Boks 8010, Dep
0030 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.: 2012/01154/GK

Høring om framlegg til endring i lov 21 juni 2002 nr 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)

Vi viser til mottekne høring frå Samferdsledepartementet. Sett under eitt, stør vi det framlagte forslaget til endringar, men har nokre kommentarar til nokre av punkta:

Etablering av verksemd i Noreg:

Vi vil her spesielt leggje vekt på kravet om at transportørar som søker løyve etter §§ 4 og 5 i yrkestransportlova, skal vere etablerte i Noreg. Vi ynskjer at etableringskravet føreset at kontoret som blir etablert, faktisk blir bemanna med personar som har juridisk ansvar for å drive verksemda. Dette må sjåast i samanheng med den store aukinga av "postboksverksemdar" ute i Europa.

Overføring av løyvemynde til Statens Vegvesen

Vi ser dette som eit sentralt punkt i det framlagte forslaget. Dette vil kunne medverke til ei betre og meir einsarta vurdering av tildelingar.

Oppretting av nasjonalt register:

Når det gjeld oppretting av eit nasjonalt register som skal koplast opp mot eit europeisk register, meiner vi at dette registeret i størst mogeleg grad må vere "opent" mellom statane i EØS-området. Vi ser at dette kan ha nokre utfordringar i høve til personvern. Vi meiner likevel at dersom medlemsstatane må sende førespurnader til andre land for å få informasjon, vil dette kunne føre til at registeret ikkje blir brukt slik det er tenkt.

Med helsing

Norsk Transportarbeiderforbund

Geir Kvam
Forbundssekretær